

SPAR-rennet er utsett.

22.01.2013

Det er framleis dårlege tilhøve i Fjellhaugen, og leiaren i skigruppa, Ole Vidar Monsen har lagt ut følgjande melding på idrettslaget si heimeside, www.uskedalil.no :

Det er framleis skrale tilhøve i Fjellhaugen og søndagens sprintrenn må difor flyttast.

Eit samla skistyre vedtok seint måndag kveld og utsetja sprintrennet til søndag 17. februar.

Rennleiar Sigurd Børve forklarar situasjonen slik: - Det er riktignok meldt nedbør fredag/ laurdag men dette kan vi ikkje gamble på. Vi ynskjer gode tilhøve når vi skal arrangere eit renn av ein slik karakter, og i tillegg er det ein fordel at utøvarane får trent noko meir på ski enn det som er tilfellet så langt. Ellers vert opplegget akkurat det same som fyrst tenkt.

Vel, då er det berre å håpe at både kong vinter og våre utøvarar er i toppslag i medio februar